

110990

Aftenposten Mandag 14. oktober 1996**ANDRES**

Okkupasjonshistorie Surrealisme i Aftenposten

Av direktør Arnfinn Moland, Norges Hjemmefrontmuseum

Aftenposten sluttar ikkje å forundre meg i si stadige oppbacking av den nye trenden innafor norsk okkupasjonshistorie. Trenden er ikkje prega av nyanseringar, nye vinklingar og interessante og tankevekkjande konklusjonar, noko som ideelt sett skal gjøre avisredaksjonar nysgjerrige. *Revisjonisme* er det heller ikkje tale om, fordi denne i alle fall stort sett innheld eit og anna gullkorn som ein i det minste kan vere sakleg usamdi i ellers på annan måte er med på å få i gong ein tankeprosess. Nei, stikkordet her er *totalomvurdering*: Dei gamle NS-argumenta blir, eitt for eitt, lansert under ivrig interesse fra historielause journalistar. Ekspontantar for omvurderinga har særleg vore Kjell Fjørtoft og Egil Ulateig, journalistane har stort sett kome frå Aftenposten. I det siste har del blitt utfordra av eit nytt stjerneskot, nemleg lege Inger Cecilie Stridsklev. Etter at både ho og Ulateig fekk halvdesoppslag i vinter med påstandar og faktaopplysningar som konsekvent vart tilbakevistte som anten mistydingar, grove feil eller rett og slett medvetne forvrengingar, er dei no begge tilbake på valen.

I ein kronikk 1. mars gjekk eg sjølv i rette med Stridsklev, vidare tilbakeviste m.a. Johs. Andenæs, Dag Berggrav, Kjell Larsgaard, Jan Helge Østlund, Finn Pettersen og Einar Sæter heilt konkret påstandar frå dei to. I sum var dette nok til å slå fast at ingen av dei er skikka til å handsame temaet likvideringa under krigen. Men det ser ikkje ut til at dette gjorde inntrykk på Aftenposten. 4. oktober kom eit nytt intervju med Ulateig, og kven andre enn nettopp Stridsklev blir kontaktat for ein kommentar! Her blir også legen intervjuat som om ingenting skulle ha hendt sidan hennar famøse kronikk 14.2.96. Har ikkje avisar klipp-arkiv? Har ikkje Aftenpostens medarbeidar ut frå det som ligg føre om Stridsklev forstått at vedkomande har gjort seg sjølv umogleg når temaet er okkupa-

sjonshistorie? At det ikkje er utan grunn at hennar fristad i presseverda, fram til Aftenposten tok henne inn i varmen, var NS-organet «Folk og Land»? Eller er dette totalt irrelevant når ein er ute etter kommentarar?

Etter på ny å ha gitt til beste sine funn, som i detalj er tilbakeviste tildegar, blir sirkuset @surrealistisk @når Stridsklev fortel korleis «seierherrene (...)» har skrevet historien: «hittil har man fremstilt ofrene som mer skyldige enn dem som drepte». Smak lenge på denne formuleringa. «Hittil» er eit nøkkelord her, Stridsklev ser lysare tider i møte. Ingen forfattar, ingen framtidforskar, ingen historikar kunne i 1945 ha førestilt seg at noko slikt skulle stå på trykk i etterkrigs-Norge, i fullt alvor i landets største avis, utan eit ord til motmæle. At Stridsklev har skrive bok om emnet, «men ikke fått den antatt», blir så føydd til for å understreke det tyranni den frie tanke lever under etter at «seierherrene» overtok for NS-staten i 1945. Det er neppe for å minne læsaren om at systemet med forlagskonsulentar faktisk kan fungere.

Vi veit kva Stridsklev meiner om dette og hint. At ho har gjort det til ei livsoppgåve å ta igjen for dei som måtte ta konsekvensen av sine gjerningar under krigen, er velkjent, og dette skil seg ikkje frå den vanlege NS-propaganda. Men kva meiner Aftenpostens medarbeidar om at vi andre, både historikarar, motstandsfolk, lærarar og foreldre «hittil har fremstilt ofrene som mer skyldige enn dem som drepte»? Er det OK eller skal vi ta sjølkritikk?

Sidan talet på likviderte er blitt ei hovudsak, er det berre å slå fast at vi ikkje kjenner dette eksakt, og ein finn det ikkje i noko arkiv. At 65 har vore brukt som eit offisielt tal, er korrekt. Like korrekt er det at ingen historikar nokon gong har påstått at dette er det absolutt endelige. Både i 1987 (Norge i krig, bd. 6) og i min kronikk i Aftenposten (1.3.96) har eg hevda at det truleg er høgare. Det *absolutt* korrekte tal er det heilt urealistisk å finne, men eg har antyda 100-110. Referansar til heilt andre og høgare tal har vist seg å vere påstandar utan grunnlag. Går ein desse nærmare etter i saumane, kan dei enkelt tilbakevisast fordi dei byggjer på grove feil, mistydingar eller forvrengingar. Dette har skjedd gong etter gong; døma finst mellom anna i Aftenpostens klipparkiv. Dessutan: Der som ikkje grunnleggjande kriterium for kva som skal kallast likvidering blir

godtatt, nytter det heller ikkje å diskutere tal. Uansett er talet forbausande lite, sett på bakgrunn av talet på dømde angivarar/agentar etter krigen (over 4000) og med tanke på at vi var okkupert av eit regime ansyarleg for mord på millionar. Eindel likvidasjonar vart vurdert, men ikkje utført. Nokre av desse avgjørslene kosta mange motstandsfolk livet, nettopp fordi dei ivrigaste norske støttespelarane for naziregimet var eit konstant trugsål mot motstandsørslas arbeid for eit fritt, demokratisk Norge. At det Jens Chr. Hauge kalla «et motbydelig forsvarsmiddel» måtte brukast mot eit fatal av desse støttespelarane, har blitt og vil bli forstått av nye generasjonar. At dette ikkje gjeld visse segment i vårt samfunn, får vi finne oss i. Men at desse skal vere så interessante for Aftenposten, er ei større gáte.